



KOPI

Alver Kommune
Kjartan Medaas
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/4348 - 23/46445

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
13.06.2023

Løyve til å dele i frå 140m² frå gbnr. 320/2 og med føremål å føre arealet over til gbnr. 320/23.

Administrativt vedtak
Tiltak:
Eigedom:
Tiltakshavar:

Saknr: 628/23
Gbnr: 320/2

Vedtak :

Alver kommune gjev løyve til deling av areal som søkt om på gnr. 320, bnr. 2 med heimel i jordlova § 12 jf. § 1.

Vedtaket er gjeve på følgjande vilkår:

Arealet på om lag 290 m² skal leggjast til bnr. 23.

Skogareal på om lag 130m² skal førast over til gnr. 320, bnr. 2.

Endeleg utforming av arealstorleik og grenser vert gjort ved oppmålingsforretning.

Saka gjeld søknad om deling av areal på om lag 140m². Føremålet med frådelinga er å leggje dette arealet til gnr. 320, bnr. 23.

Planstatus/gardskart:

Arealet det er søkt om å dele i frå, ligg i LNF-området i arealdelen til kommuneplanen.

Gnr. 320, bnr. 2 har i fylgje gardskartet slik fordeling av arealet:

Fulldyrka jord	3,7 daa
Overflatedyrka jord	12,2 daa
Innmarksbeite	10,0 daa
Produktiv skog	113,5 daa
Anna markslag	11,9 daa
Bygd areal med meir	16,7 daa
Sum areal	168,0 daa

Arealet det er søkt om å få dele i frå, ligg inntil bnr. 23 som er ei bustadtomt på 1,7 daa og som arealet leggjast til.

Ut frå kartskisse som ligg ved søknaden, skal det delast frå bnr. 2 om lag 290m² bygd areal. Dette arealet skal leggjast til bnr. 23. Frå bnr. 23 skal det delast frå om lag 130m² produktivt skogareal. Dette arealet skal leggjast til bnr. 2. Overføring av areal frå bnr. 2 til bnr. 23 då om lag 150 m² ut frå oppmåling på kartet – sjå fig. 1 nedanfor.

Endeleg storleik og utforming av grense vert sett under oppmålingsforretning.




Fig. 2 Storleiken av arealet (ca) der om lag 130 m² skal leggjast til bnr. 2, medan 288m² skal delast frå bnr. 2.

Vurdering

Arealet som skal delast frå bnr. 2 er definert som bygd areal. Før arealet kan nyttast til andre føremål enn landbruk, må det liggje føre vedtak om deling etter jordlova. Alver kommune reknar bnr. 23 for å ikkje vere landbrukseigedom og delingsløyve etter jordlova for skogarealet er slik sett ikkje naudsynt.

Deling etter jordlova § 12

Det følgjer av jordlova § 12 at «deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet.»

I vurderinga av om det skal gjevast samtykke til deling, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn

under formålet i jordlova, jf. jordlova § 12 3.ledd.

Det følgjer av jordlova § 12 4.ledd at sjølv om vilkåra etter 3.ledd ikkje er oppfylt, så kan gjevast samtykke til deling dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Arealet som er søkt frådelt er i dag teke i bruk som tilkomst til bnr. 23. Det er etter kommunen sitt syn, openbert at det bør høyre til bnr. 23 i framtida. Bnr. 2 frå på si side tilført om lag 130m² produktivt skogareal, noko som er positivt for bnr. 2.

